

Høyring av forslag til ny forskrift for vass- og avløpsgebyr

Bygland kommune legg med dette fram forslag til ny vass- og avløpsforskrift for høyring. Frist for innsending av utsegner er sett til 15.08.2025.

Høyringssvar kan sendast til: post@bygland.kommune.no eller Sentrum 18, 4745 Bygland.

Bakgrunn

Rammene for kommunale vass- og avløpsgebyr blir fastsett i kommunal forskrift. Frå 2012 er tilgangen kommunen har til å krevje inn vass- og avløpsgebyr heimla i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg. Forureiningsforskrifta frå 2004 fastset dei overordna rammene for gebyra og hovudreglane om utrekning og innkrevjing. Bakgrunnen for utarbeiding av ny forskrift er at kommunen ønskjer ei forskrift som er betre tilpassa dagens forhold. Vass- og avløpsgebyra i Bygland kommune byggjer på sjølvkostprinsippet, det vil seia at dei kommunale kostnadene med å få fram tenestene skal dekkjast inn gjennom dei gebyra som abonnentane betaler. Kommunen har etter forureiningsforskrifta ikkje høve til å tena pengar på tenestene. Over- eller underskot i kvart enkelt år skal høvesvis avsetjast til eller trekkjast frå bundne driftsfond. Avsett overskot frå kvart enkelt år blir tilbakeført til abonnentane i form av lågare årsgebyr i løpet av ein femårsperiode. Tilsvarende vil framførbar underskot dekkjast inn over årsgebyret i løpet av ein femårsperiode. Vass- og avløpsgebyra skal ikkje brukast til å finansiera andre delar av kommuneforvaltninga.

Forslag til ny forskrift for vass og avløp – hovudtrekk endringar

Vassmålarleige

Gjeldande forskrift tek utgangspunkt i at det blir betalt ei årleg vassmålarleige som utgjer 15 % av målar- og installasjonskostnaden. Ny vass- og avløpsforskrift foreslår å endre gebyr for vassmålarleige til ein fast sats som vil gå fram av gebyrregulativet. Dette blir opplevd å vere meir rettferdig for abonnentane enn ein sats som er avhengig av installasjonskostnaden.

Installering av ny vassmålar

Det blir foreslått i ny forskrift at nye bustader/fritidsbustader skal installere vassmålar, og at kostnader for installering blir dekt av abonnenten. Bakgrunnen for krav om installering av vassmålar er at abonnenten berre betaler for det vatnet som faktisk blir brukt, i staden for ei fast avgift basert på antatt forbruk eller storleiken på bustaden. Ein vassmålar kan i tillegg avsløre unormalt høgt forbruk, som kan tyde på lekkasjar. Dette gjer det mogleg å oppdage og fikse problem tidleg.

Gjeldende lokal forskrift

Gjeldende forskrift i Bygland kommune heiter «Reviderte forskrifter for vass- og kloakkavgifter» og vart vedteken av Bygland kommunestyre 15.12.2005.

Arbeidsgruppen

Forslag til ny forskrift for vatn og avløp er utarbeidd av økonomiavdelinga i samarbeid med kommunalområde for Samfunn. Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel.

Rettferdig: Gebyra skal spegle kostnadsnivået i dei ulike brukargruppene på best mogleg måte.

Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare, eller vanskelege, formuleringar.

Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak om storleiken på gebyra.

Økonomiavdelinga, Bygland kommune